

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
069/2017	Formannskapet i Radøy	PS	09.11.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	17/2116	17/13409

Innkjøpsavtale med Aufera AS

Saksopplysingar:

Bakgrunn

I kommunestyresak 047/2017 gjorde kommunestyret vedtak om at alle innkjøpsavtalar skal leggjast fram for politisk nivå før dei vert inngått. Rådmannen vurderer det slik at det ikkje er innhaldet i avtalen som skal leggjast fram for godkjenning, men at godkjenning gjeld det å inngå avtale.

Vurdering

Innkjøp i kommunal regi vert regulert av «Lov om offentlige anskaffelser» av 17.06.2016 og «Anskaffelsesforskriften» av 12.08.2016. Forskrifta gjeld for alle anskaffelsar med ein verdi av over kr 100.000. Radøy kommune er ein innkjøpar, og alle verdivurderingar må gjerast for kommunen samla, over ein periode på fire år.

Det har ei tid vore arbeidd med ein ny avtale om vask og rents av institusjonstøy, matter mv. Rådmannen har vurdert det som ønskjeleg at arbeidet vert gjort av ei godkjent VTA-verksem. Etter sonderingar i marknaden, har ein funne at det berre er Aufera AS på Radøy som oppfyller dette kravet i eit rimeleg nærområde i Hordaland. Informasjonen er henta inn frå Opplæringskontoret AMB Hordaland. Rådmannen har difor gått i direkte forhandling med Aufera AS om avtalevilkår.

Avtalen er no ferdig forhandla, og rådmannen ber om godkjenning til å inngå avtale.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Avtale om vask og rents av institusjonstøy mv. med Aufera AS vert inngått.

Formannskapet i Radøy - 069/2017

FS - handsaming:

I kommunestyresak 047/2017 gjorde kommunestyret vedtak om at alle innkjøpsavtalar skal leggjast fram for politisk nivå før dei vert inngått. Kenneth Taule Murberg (H) meiner sak om innkjøpsavtale med Aufera AS illustrerer konsekvensen av kommunestyrevedtaket. Han meiner det blir unødvendig og svært krevjande for administrasjonen å jobba på denne måten.

Rådmann Jarle Landås gav klart uttrykk for at oppfølging av vedtaket er komplisert. Han opplever at ordlyden er uklar, og han er opptatt av å få avklart kva som er realitetane i vedtaket. Rådmannen reagerer også på at det i vedtaket blir konkludert med at administrasjonen har gått utover sine

fullmakter og har brote tidlegare praksis for innkjøp.

Ordførar Jon Askeland vil leggja fram saka som meldingssak for kommunestyret.

FS - vedtak:

Avtale om vask og rens av institusjonstøy mv. med Aufera AS vert inngått.